



Referat frå elevrådsmøte for 5-7, fredag 09.09.22

Desse møtte: Frøya Smådal-Gjertsen (5A), Lisa N. Lending (5A), Netsereab M. Habteyes (5B), Isabel J. Fauske (5B), Nora T. Leikanger (6A), Elias S. Espedal (6A), Kristoffer H. Fitje (6B), Anna Belinda T. Areklett (6B), Emily J. Fauske (7A), Brage S. Lending (7B), Ariel M. Dåvøy (7B), Hilde S. Strandos (elevrådskontakt) og observatørar frå 4. trinn: Emma og Maria Othilie.

Forfall: Even K. Leikanger (7A) og observatørar frå 3. trinn

Sak 1: Saker frå klassane

Sakene som kom inn frå klassane er lista opp i skjemaet under. Drøftingar som vart gjort knytt til sakene finn de til slutt i referatet.

5A	<ul style="list-style-type: none">• Ynskjer å leikesloss i friminutt.• Større skap i garderoben.• Lengre friminutt.• Sleppe lekser.• Fleire dagar med leksehjelp.• Lage ein akebakke der vi ikkje øydelegger blomar og gras.• Varmare dusjar i garderoben.• Friminutt i gymsalen.• Vere inne i friminutta.
5B	<ul style="list-style-type: none">• Garderobesituasjon: ynskjer å ta vekk våtgarderoben og heller setje inn skap med betre plass. Veldig trangt på i skapa.• Vaskerenna i garderoben: ynskjer at den er lenger. Med seks rekker. Kan flytte bosspanna ein annan stad.• Ynskjer fleire vaksne på bana i friminutta.• Nokre elevar går utan sko på bana – bør vere likt for alle.• Ynskjer lengre friminutt.• Ynskjer mindre lekser – mykje lekser. Blir til at nokre ikkje gjer alle leksene sine.
6A	<ul style="list-style-type: none">• Lov å bruke hette i timen / caps.• Ynskjer fleire ballar. Blir fort kranglar om kven som skal ha dei.• Ynskjer å bruke telefon om morgonen (når vi vil).• Fleire alternativ i melkeordninga.• Vennebenk• Ta med-dag• Fukt i kantina• Skuleball for 5-7• Tyggis i timane.• Leksefri• Ynskjer større trampoliner• Kunne høyre på musikk i friminutta (heng litt saman med å kunne bruke telefonen)• Betre stolar i klasseromma• Klassebamse / klasseset• Meir kroppsøving / meir matematikktimar.



6B	<ul style="list-style-type: none">• Krok på døra på skiljevegg slik at dørene ikkje opnar seg.• Caps og hette er lov i timen. Lov med tyggis.• Ynskje om utviding av skulemelkordninga.• Aktivitetstur med 5-7• Overnatting på skulen med 5-7• Ynskjer å halde fram med foreldrekveld på våren også (sjølv om ein no skal lage til på hausten)
7A	<ul style="list-style-type: none">• Leksefri / valfri leksefri• Tørkeskap til 5-7• Lyset på doane skrur seg av• Meir hygienisk på doane: tiss overalt• Klasseballar til kvar klasse• Fleire turar med 5-7• Vinglepultar
7B	<ul style="list-style-type: none">• Mykje metallstenger som stikk opp frå trampolinene. Ynskjer at dei får tilsyn.• Mini ball-bane• Skulemelkordninga (utvida tilbod)
Frå 5-7-lærarane	<ul style="list-style-type: none">• Elevar som oppheld seg på bana er ofte mellom 5-7min for seine inn til time. Lærarane ynskjer forslag frå elevrådet til korleis vi kan løyse dette.

Drøftingar av saker i elevrådsmøte 09.09.22:

Orientering - Helsevekakomité:

Det skal opprettast ein Helseveka-komité som skal starte arbeidet med planlegginga av Helseveka 2023. Tidlegare har elevrådsleiarane i elevråda vore med i denne gruppa. Slik gjer vi det også i år. Emily blir dermed representant frå elevråd 5-7. Kristoffer som er nestleiar er vara for Emily.

Ynskje om lengre friminutt:

Hilde forklarar at alle skular i Noreg har eit gitt tal timar ein skal ha i dei ulike faga for kvart klassesetrinn. Det avgjer korleis skuledagen er lagt opp. Dersom vi skal ha lengre friminutt, må vi også ha lengre skuledag. Det vil også påverke skuleskyssen, som er vanskeleg å endre då vil alt har tilpassa skuledagen til dei busstidene som er. Elevrådet er difor samde om at dette er ei sak vi ikkje jobbar vidare med, då det vil vere vanskeleg/umogleg å få gjort noko med.

Sak frå lærarane: ynskje om forslag frå elevrådet til kva ein kan gjere med at mange som oppheld seg på bana er seine inn til time.

Ein opplev at lyden frå ringeklokka varierer alt etter kor på bana ein er, difor er det ikkje alltid ein høyrer den. Elevrådet føreslår at lærarane som har vakt på bana kan ha med seg fløyte som dei kan blåse med i tillegg, men då er det viktig at dei som har vakt på bana faktisk er der. Elevrådet drøftar også at det er elevane si oppgåve å ta lyden som ein beskjed til at ein skal gå inn til time – lærarane skal ikkje måtte «mase» om det eller gjenta beskjeden fleire gonger. Elevrådet føreslår også at ringeklokka ringer eit par minutt tidlegare, slik den gjorde før.



Lekser:

Mange av klassane ynskjer mindre lekser eller heilt leksefri. Vi tok ei runde i elevrådet der representantane fekk fortelje korleis dei opplev leksene på dei ulike trinna:

- 7. trinn: Har ein arbeidsplan som fungerer slik at om ein jobbar godt med arbeidet på skulen, har ein ikkje heimearbeid. (På same måten som det fungerer vidare oppover på ungdomsskulen). Elevane opplev at det fungerer bra og at dei fleste har lite heimearbeid. Dei som ev. har heimearbeid har det fordi dei ikkje har jobba godt på skulen. Saknar tilbakemeldingar på leksene/arbeidet.
- 6. trinn: Har vekelekser (lekser til fredag). Ein vel stort sett sjølv når ein gjer det, så lenge det er gjort til fredag. Nokre gonger har dei slik som 7. trinn at dei får jobbe med arbeidet på skulen, og dermed fungerer det også slik at om ein har jobba godt på skulen, har ein meir fritid heime.
- 5. trinn: Har mindre lekser no enn på 4. trinn og synast det er bra. Har starta med vekelekser no, men har også nokon dag-til-dag-lekser. Det kan vere litt forvirrande. Kunne tenke seg berre vekelekser, men også moglegheita til å gjere slik som 6. og 7. trinn.

Elevrådet ynskjer at lærarane på 5-7 skal samle seg for å sjå på planane til alle klassane og ha eit mål om at utforminga/måten å gjere det på er likast mogleg på heile mellomtrinnet. De er ynskjeleg at alle klassane har arbeidsplanar der det er moglegheiter for mindre/ingen heimearbeid dersom ein jobbar godt på skulen. Det er også viktig at leksene er kjent stoff – altså emne ein allereie har arbeidd med på skulen. Når leksene er levert er det også viktig at ein får tilbakemelding på dei. Elevrådet ynskjer også at Hilde skal seie tydeleg til lærarane at ein ikkje under nokon omstendigheiter ynskjer *meir* lekser enn dei har no. Elevrådet er også samde om at lekser blir sak på neste elevrådsmøte også, og at klassane drøftar saka godt på førehand.

Saker som Hilde vidareformidlar til vaktmeister Johan (og eventuelt avklarar med Gunn Marit dersom det krev innkjøp):

- Kan ein gjere noko med temperaturen på vatnet i dusjane? Ynskjer at dei blir varmare.
- «Krana» under vaskane i garderoben blir ofte skrudd slik at det ikkje kjem vatn. Finnast det barnesikring eller noko som ein kan feste på?
- Er det mogleg å få ein krok på skiljeveggane mellom klasseromma slik at dei held seg lukka?
- Garderobe 5-6: ynskjer vask med seks blandebatteri. Bosspanna kan flyttast. Ynskjer at våtgarderobedelen blir omgjort til skap. Ynskjer generelt nye skap med betre plass.
- Trampolinene: ynskjer at dei får tilsyn. Fleire metallstenger stikk opp.
- Mange pultar på 5-7 treng justering (vinglepultar).
- Lyset på doane som skrur seg av.

Saker som Hilde tek ansvar for vidare:

- Treng fleire vaksne på bana i friminutta.
- Elevane observerer vaksne som snakkar saman og ikkje får med seg ting som skjer. Klar beskjed frå elevrådet om at det ikkje er bra!
- Beskjed til alle (vaksne og elevar) om at alle skal ha sko på seg når dei er på bana.
- Utviding av skulemjølkordninga (fleire alternativ) – Hilde undersøker med Gunn Marit



Andre saker:

Det kom inn mange saker frå klassane til elevråd. Elevrådet rakk ikkje å drøfte alle saker, men nokre er drøfta i dette møte, nokre blir sett opp som sak på neste møte og nokre saker må vente til seinare. Følgjande saker blir tema på neste elevrådsmøte:

- Hallaktivitet i gymsalen (gjenopptaking av ordninga 5-7 prøvde ut i vår)
- Helseveka
- Lekser
- Caps/hette på i timane

**Neste elevrådsmøte blir tysdag 27. september kl. 11.30 på naturfagsrommet.
Sjå eiga innkalling.**

Beste helsing

Nora Taule Leikanger
Referent

Emily Jensen Fauske
Elevrådsleiar 5-7

Hilde Sognnæs Strandos
Elevrådskontakt 5-7